



**Reinheimen
nasjonalpark**

Revisjon av
Forvaltningsplan for Reinheimen
med følgjande delar
Reinheimen nasjonalpark

Landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen,
Trollstigen og Tafjorden-Reindalen

Prosjektplan



Nasjonalparkstyret for Reinheimen


Versjon 0.4

15.02.2023 – styresak 9/2023

27.10.2023 – styresak 44/2023

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Verneområde omfatta av planarbeidet	4
1.3 Rammer for saksbehandlinga	5
1.3 Fagsystem	7
1.4 Kva er ein forvaltningsplan	7
1.4.1 Endring av verneforskrifter	8
1.5 Bevaringsmål	9
2. Målet med forvaltningsplanarbeidet	9
3. Aktørar	10
4. Organisering av planarbeidet	17
4.1 Prosjektleiing	17
4.2 Kompetansebehov	17
4.3 Involvering	17
4.4 Prosjektorganisering	18
6. Tidsplan	19
7. Økonomi	20



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

For verneområda som nasjonalparkstyret for Reinheimen er forvaltningsmyndigheit for, er det nedfelt i verneforskriftene at det skal utarbeidast forvaltningsplan. I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 5, står følgjande:

§ 5. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon, oppsyn mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

Forvaltningsplan for Reinheimen og tilhøyrande verneområde er frå 2010, og er tilgjengelege som pdf dokument på nasjonalparkstyret si nettside: [Forvaltningsplan_100426 \(nasjonalparkstyre.no\)](#) Besøksstrategien for Reinheimen er eit vedlegg til forvaltningsplan, som vart godkjent av miljødirektoratet i 2019. Besøksstrategien er også tilgjengeleg på styret si nettside: [Besøksstrategi-for-Reinheimen.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](#)

Forvaltningsplanane er også lagt inn som «skallplanar» i portalen «Forvaltningsplan på nett».

Kunnskapsgrunnlaget for gjeldande forvaltningsplanar er lagt i åra før planane ble godkjent. Gjeldande forvaltningsplanar er skrive ut frå ein situasjon som var gjeldande for om lag 15 år sidan. Gjeldande forvaltningsplanar har mange kartvedlegg, og disse er framstilt utan bruk av nye digitale GIS-verktøy. Miljødirektoratet har nå laga ein eiga løysning på nett «Forvaltningsplan på nett». Nye og reviderte forvaltningsplanar skal nå produserast og bli gjort tilgjengeleg i dette fagsystemet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har ansvar for å revidere forvaltningsplan. I vedtektene for nasjonalparkstyret (1.mars 2020) pkt. 8.1 står det følgjande:

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplanen skal utarbeidast innafør ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i møte 08.11.22, styresak 49/22 gjort slik vedtak:

Med heimel i vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.1, gjer nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtak om å sette i gang arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og 6 landskapsvernområde; Ottadalen, Finndalen, Lordalen Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og 5 naturreservat; Brettingsmoen, Vermedalen, Slettsvaet, Muldalslia og Einstullie.

Gjennom bestillingsdialogen med Miljødirektoratet skal det meldast inn behov for midler til gjennomføring av arbeidet med revidering av forvaltningsplan.

For å sikre god framdrift skal sekretariatet førebu ei sak til nasjonalparkstyret med forslag til prosjektplan for forvaltningsplanarbeidet. Vedtatt prosjektplan skal være utgangspunkt for melding om oppstart av planarbeidet, som skal sendast til kommunar, fylkeskommunar, grunneigarar, andre rettighetshavarar, og aktuelle brukargrupper.

Styret ber også om en vurdering av behovet for ein mindre revisjon av besøksstrategien samtidig i forvaltningsplanarbeidet.

1.2 Verneområde omfatta av planarbeidet

Ved rullering av forvaltningsplanane blir det lagt opp til at det lages egne forvaltningsplanar for nasjonalparken og dei 6 store landskapsområda forvalta av nasjonalparkstyre for Reinheimen. I tillegg er det aktuelt å vurdere plan for 2 naturreservat Brettingsmoen og Muldalslia.

Oversikt over verneområda er vist i tabell 1.

Tabell 1. Verneområde, etter Naturbase.

Verneområde (id)	Areal (daa)	Areal sum (daa)	Kommunar
Nasjonalpark (1)		1 969 000	
Reinheimen (VR00000786)	1 969 000		Lom, Rauma, Lesja, Skjåk, Vågå, Fjord
Landskapsvernområde (6)		634 000	
Ottadalen (VR00001833)	223 000		Lom, Skjåk, Vågå
Finndalen (VR00001832)	34 000		Lom, Vågå
Lordalen (VR00001834)	21 000		Lesja
Romsdalen (VR00002363)	136 000		Rauma, Fjord
Trollstigen (VR00002362)	146 000		Rauma, Fjord
Tafjorden-Reindalen (VR00002364)	74 000		Fjord
Naturreservat (2)		6 364	
<i>Brettingsmoen (VR00001831)</i>	<i>5 750</i>		<i>Lom</i>
<i>Muldalslia (VR00000763)</i>	<i>614</i>		<i>Fjord</i>
Sum		2 609 364	

1.3 Rammer for saksbehandlninga

I naturmangfaldlova §§ 35 og 36 står det bl.a.:

«Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.»

Vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen (frå 1.mars 2020):

«8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplanen skal utarbeidast innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei ein skilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltningsplanar/skjøtselsplanar.

Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttast innafor ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøksenteret.

I veileder M-481 | 2016 Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven (s.19) er det tatt inn noen føringar for utarbeiding av forvaltningsplan:

«Klima- og miljødepartementet har gitt utfyllende bestemmelser til saksbehandlingsreglene i eget rundskriv (Rundskriv T2/15 Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven). Rundskrivet gjelder ved opprettelse av nye verneområder. Så langt det passer gjelder rundskrivet også ved endring eller revisjon av eksisterende verneforskrifter, og ved utarbeidelse av forvaltningsplaner.» (Vår understreking)

I rundskriv T2/15 heter det bl.a.:

- *Alle som berøres av forslagene og andre interesserte skal få fremmet sine synspunkter på en tilfredsstillende måte. God gjensidig informasjon vil bidra til å dempe konflikter og øke forståelse for vernet.*
- *Hovedformålet med saksbehandlingsreglene i naturmangfoldloven er å sikre at saksbehandlingen i vernesaker skal være åpen og inkluderende ved at alle berørte parter trekkes inn i saken.*

- *Grunneiere og rettighetshavere vil ha konkrete rettigheter i det området som vurderes for vern, mens den berørte lokalbefolkningen er en videre krets av de som bor i nærheten av området som utredes for vern.*
- *Kommunene er sentrale samarbeidspartnere i verneplanprosesser, og det er viktig å vurdere vern i medhold av naturmangfoldloven i sammenheng med andre planer og aktivitet i kommunene,*

I tråd med Rundskriv T2/15 blir retningslinjer i naturmangfoldlova om saksbehandling lagt til grunn. I naturmangfoldlova §§ 41 til 43 er det fastsett særskilte regler om saksbehandling ved oppretting av verneområda etter naturmangfoldlova kap. V. Disse reglane gjeld i tillegg til forvaltningslovas generelle regler, og blir så langt de passer, gjort gjeldande for arbeidet med forvaltningsplanane:

- **Naturmangfoldloven § 41. om saksbehandling:**
 - *«Når et arbeid med vern etter dette kapitlet tar til, skal det innenfor rammene av annet til tredje ledd samt §§ 42 og 43 legges til rette for en saksbehandling med best mulig samarbeid med grunneiere, rettighetshavere, berørte næringsinteresser og representanter for lokalbefolkningen, herunder utøvere av samisk kultur og utøvere av samisk næring, kommunen og fylkeskommunen, Sametinget og andre berørte myndigheter. ...»*
- **Naturmangfoldloven § 42 om kunngjøring av forslag:**
 - *«Vernemyndigheten skal kunngjøre verneforslaget, med de viktigste følger det antas å få, i minst én avis som er alminnelig lest på stedet. ... Grunneiere og rettighetshavere skal så vidt mulig underrettes ved brev og gis en rimelig frist for å komme med merknader før forslag utformes.*
 - *På et tidlig tidspunkt i saksforberedelsen, og i god tid før kunngjøringen, skal det søkes samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner mv. som har særlig interesse i tiltaket. Utarbeidelse av forskrift skal skje i et samarbeid med berørte sentrale myndigheter.»*
- **Naturmangfoldloven § 42 høring:**
 - *Forslaget til forskrift skal sendes på høring etter reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 37. Om varsling av grunneiere og rettighetshavere gjelder reglene i forvaltningsloven § 16. Forslaget legges ut til offentlig ettersyn på minst ett lett tilgjengelig sted og kunngjøres i Norsk Lysingsblad og i minst én avis som er alminnelig lest på stedet.*
 - *Høringsforslaget skal beskrive området som forslaget omfatter, herunder verneformål og verneverdier, avgrensning av området og andre verdier enn naturverdier, samt de følgende forslaget antas å få, og gi en frist på minst to måneder for uttalelse.*
 - *Forslaget legges frem til uttalelse for kommunen, fylkeskommunen og berørte statlige fagorganer, og for Sametinget hvis verneforslaget berører samiske interesser.*
- **Naturmangfoldloven § 8 pålegger myndighetene å innhente og legge til grunn kunnskap om natur når det treffes beslutninger som berører naturmangfoldet.**

1.3 Fagsystem

I arbeidet med forvaltningsplan brukast tre ulike digitale fagsystem:

Forvaltningsplan på nett (FPNV) - Her blir planen skriva, bl.a. om brukarinteresser, og retningslinene som skal knyttes til verneforskriftene. Kart, bilete og figurer, skjøtselsplanar og besøksstrategiar blir lasta opp som vedlegg. Allmennheita får tilgang til planen via en innsynsløysning på internett.

Naturbase - kart og faktaark om dei ulike verneområda.

NatStat – registrering av trugsmål mot verneverdiane, bevaringsmål og opplegg for overvaking.

Det er ein dynamisk kopling mellom «Forvaltningsplan på nett», Naturbase og NatStat. Relevant informasjon som ligg i Naturbase og NatStat blir automatisk lasta inn i forvaltningsplanen.

1.4 Kva er ein forvaltningsplan

I **Forvaltningsplan på nett for verneområde (FPNV v.2.0)** Brukerveiledning (Miljødirektoratet 10.06.20) står det:

«En forvaltningsplan er en praktisk veileder som skal bidra til beslutninger og bruk som sikrer vernet. Innenfor rammen av verneforskriften kan planen gi retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv., samt mål og tiltak for å ivareta verneverdiene.»

I **veileder M-481 | 2016 Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven** er det tatt inn nokre føringar for utarbeiding av forvaltningsplan (s.35):

Organisert ferdsel

- *Gjennom forvaltningsplan skal det presiseres hvilke aktiviteter som er tillatt uten videre og hvilke aktiviteter som må ha særskilt tillatelse. Markslitasje og forstyrrelse av dyreliv gjør at særlig større arrangementer bør vurderes nærmere av forvaltningsmyndigheten. Dette må vurderes i forhold til verneformålet i det enkelte verneområdet og type aktivitet.*

Organisert ferdsel til fots som turvandring og lignende vil i de fleste tilfeller være uproblematisk i forhold til naturmiljøet. Med «ferdsel til fots» menes også for eksempel turer på ski, truger eller klatreturer. Ferdsel som skjer i større grupper kan imidlertid være søknadspliktig.

Organisert bruk av hest

- *Enkeltpersoners bruk av hest skal være tillatt. Organisert bruk av hest skal normalt være tillatt på veier, samt traseer og områder som er godkjent for slik bruk i forvaltningsplanen. Aktuelle traseer og eventuelt områder skal således angis i forvaltningsplan. Organisert bruk av hest utenfor veg og slike angitte traseer skal da være søknadspliktig. Det er særlig hensynet til markslitasje som gjør det nødvendig å legge restriksjoner på denne typen organisert virksomhet.*

Sykling

- *Etter friluftsløven er sykling tillatt på veier og stier i utmark og ellers overalt på fjellet. Omfanget av terrengsykling i utmark er økende. Slik aktivitet kan føre til store skader og slitasje i terrenget. I følge forskriftsmalen for nasjonalparker skal sykling derfor kun være tillatt på veier, samt traseer og stier som er godkjent for slik bruk i forvaltningsplanen.*

Kommuneplan

- Plan- og bygningslova (Pbl) er eit viktig verktøy for å styre utvikling i randsona inntil verneområda. Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c gir kommunen moglegheit til å fastsette randsona som omsynssone. I denne sona kan det gjevast retningsliner for å hindre vesentleg skade av verneverdiane i verneområdet. Dette føresett at retningslina er fastsett samtidig med verneforskrift for nytt område, ved revisjon av forskrifta eller samtidig med ny forvaltningsplan eller ved planrevisjon.

Utdjupande retningslinjer til ulike tema i verneforskrifta kan gjevast når det gjelder:

- Landskap, derunder byggetiltak
- Dyreliv
- Planteliv
- Ferdsel og Friluftsliv, derunder turstier og skiløyper
- Reiseliv
- Jord- og skogbruk
- Jakt- og fiske
- Motorferdsel, derunder eksisterande vegar
- Forureining
- Masseuttak
- Kulturminne
- Skjøtsel og tiltak
- Oppsyn.

Forvaltningsplan skal også innehalde stutte skildringar om:

- Verneverdiar
- Naturstatus
- Brukarinteresser.

1.4.1 Endring av verneforskrifter

I samband med forvaltningsplanarbeidet kan det komme innspel som gjeld endring av verneforskriftene. Miljødirektoratet har myndigheit til å foreta endringar av uvesentleg art. Det vil typisk være retting av feil i verneforskrifta, som t.d. at det manglar et gards- og bruksnummer o.l.

Forskriftsendringar eller vesentlege endringar av vernegrensene, som vil endre forvaltninga av et verneområde vil krevje ny kongeleg resolusjon. Ansvar for disse prosessane ligger til Miljødirektoratet og Statsforvalteren.

Fagsystema som skal nyttas ved framstilling av forvaltningsplanar har ikkje løysningar for å behandle innspel om forskriftsendringar. I den grad det kjem slike innspel, kan ein leggje dei samla fram i ein eigen sak for nasjonalparkstyret. Nasjonalparkstyret kan følgje opp med ei oppmoding til Statsforvalteren og Miljødirektoratet om ta innspela opp til vidare behandling.

1.5 Bevaringsmål

I arbeidet med forvaltningsplanen skal det settast konkrete bevaringsmål for ønska naturtilstand i verneområda. Bevaringsmåla definerast i NatStat, mens overvakinga blir gjort i feltapplikasjonen NatReg. Bevaringsmåla i NatStat kan knyttes til tiltak i forvaltningsplanen.

På Miljødirektoratet si nettside om NatStat står følgjande:

«Verneområdene er beskyttet mot skade og ødeleggelse. Likevel endres også vernet natur. Mange endringer er naturlige, mens andre forårsakes, direkte eller indirekte, av menneskelig aktivitet. Det kan f.eks. være fremmede arter som endrer det opprinnelige naturmangfoldet, inngrep som fører til tørrlegging eller gjengroing, eller ny naturbruk som endrer vegetasjon og artssammensetning.

I NatStat kan forvaltningsmyndigheten sette konkrete bevaringsmål for ønsket naturtilstand innen et verneområde. Bevaringsmål, f.eks. knyttet til fremmede arter, skal overvåkes. Resultatet av overvåkingen fastslår om naturtilstanden er god, middels eller dårlig, og om bevaringsmålet er nådd. Innsynsløsning til NatStat gir oversikt over antall bevaringsmål, målt tilstand, og hvilke påvirkningsfaktorer (f.eks. fremmede arter) som følges opp av forvaltningsmyndigheten.»

2. Målet med forvaltningsplanarbeidet

Det blir her også vist til kap. 1.3

Målet med forvaltningsplanarbeidet er å oppdatere gjeldande forvaltningsplan i tråd med:

- Lage ny digital framstilling av plandokumenta i systemet «Forvaltningsplaner på nett» - FPNV (versjon 2.0).
- Presisere og utdjupe verneformålet i tråd med oppdatert kunnskapsgrunnlag
- Oppdatere retningslinjer og dispensasjonspraksis for bruk av verneområda
- Innarbeide besøksforvaltning som eiga tema i forvaltningsplanane.
- Definere mål for vernet og synleggjere aktuelle tiltak ved å:
 - Fastsette bevaringsmål (NatStat)
 - Fastsette langsiktige og strategiske mål for å styrke verneformålet, t.d. om skjøtsel og besøksforvaltning
 - bestemme tiltak for å nå måla, i ein tiltaksplan

Det blir særleg lagt vekt på følgjande forhold ved revisjon:

- Fastsette bevaringsmål og status for verneverdiane.
 - leveområde for villrein
 - villmark og inngrepsfrie område
 - økosystem og biologisk mangfald
 - naturtypar
 - landskapsbilete
 - kulturminne
- Lage eintydige og samordna retningslinjer for organisert ferdsel.
 - Definisjon og søknadsplikt
 - Vurdere soner og retningslinjer for organisert ferdsel, og organisert bruk av hest.
- Definisjon av ferdselsformer som er til skade (t.d. kiting, paragliding, ultraløp, hundepøver, sykling, el-sykling)
- Utarbeide eintydige og samordna retningslinjer for byggesaker i verneområda, t.d. ved ein byggeskikkveileder for setermiljø i lvo, og for bygningar i høgjellet.
 - Oppdatere bruk av aktuelle faguttrykk i tråd med plan- og bygningsloven / TEK17.

- samordne bruken av bebygd areal (BYA) og bruksareal (BRA)
- Definisjon av vedlikehald av bygningar, ombygging/tilbygg på eksisterande bygg
- Byggeskikk, fasadar, materialbruk.
- Gjerder, terrasser, veranda og plattung o.l.
- Retningslinjer for plassering av båtar og garnkasser ved enkelte fiskevatn, jf. forvaltningsplan
- Vurdering av eksisterande løyper og stigar.
 - Vurdere skilting og merking av gamle råk, ferdselsveggar og stigar
 - Nye kanaliseringstiltak
- Vurdere områder for ferdselsregulering etter verneforskrifta, for avgrensa områder og tidsrom: «*Innenfor nærmere avgrensede deler av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.*»
- Skjøtsel og bruk av seterlandskapet.
- Retningslinjer for plassering av saltstein
- Retningslinjer for motorferdsel i utmark.
 - tal turar, køyrefristar/dato i ulike områder av omsyn til villrein sin bruk,
 - reviderer og temakart 4,9 snødekt mark og 8 veg og køyrespor barmark.
 - rapportering
 - øvingar og kjentmannsturar for redningstenesta mm.
- Retningslinjer for bruk av dronar og ny kommunikasjonsteknologi
- oppdatere gjeldande temakart og lage nye temakart etter behov) med en tilfredsstillande og tidsmessig kvalitet.
- oppdatere kunnskapsgrunnlaget, klimaendringar
- saksbehandlingsrutinar, fastsetting av vilkår m.m.
- besøksforvaltning og besøksstrategiar.

3. Aktørar

Det er lagt stor vekt på involvering i arbeidet med forvaltningsplan. Under er ei omtale av aktørane i planprosessen.

Miljødirektoratet

- fagleg godkjenning av utkast til forvaltningsplan før høvring
- endeleg godkjenning av forvaltningsplanen.

Miljødirektoratet kan og bli kontakta for veiledning i ulike spørsmål knytt til planprosessen.

Miljødirektoratet er eig av portalen «Forvaltningsplan på nett», og vil gje opplæring i bruken av portalen.

Statens naturoppsyn – SNO Reinheimen har oppsynet med verneområde, og vil være ein fagleg ressurs i planarbeidet.

Statsforvaltarane i Innlandet og Møre og Romsdal - Formell høyringspart. Gje råd i faglege spørsmål knytt til planprosessen.

Innlandet og Møre og Romsdal fylkeskommunar - Formell høyringspart. Forvaltningsmyndigheit etter kulturminnelova, og kan gje faglege råd om forvaltning av kulturminne i verneområda. planmyndigheit for Regional plan for Ottadalsområdet (Reinheimen-Breheimen villreinområde). Vegeigar og driftar Fv63, Nasjonal turistveg

Kommunane

Verneområda ligg i Innlandet fylke med kommunane Lom, Vågå, Skjåk og Lesja. Verneområda i Møre og Romsdal fylke ligg i kommunane Rauma og Fjord.

Kommunane er formelle høyringspartar og viktige samarbeidspartar. Dei har god lokalkunnskap, er forvaltningsmyndigheit, har mål og strategiar for samfunnsutvikling med eiga verkemiddelapparat.

Kommunane er viktige aktørar fordi det ofte er ein samanheng mellom det som skjer innanfor og utanfor verneområde.

Grunneigarar og fjellstyra

Grunneigarar og fjellstyre er formelle høyringspartar. Arealet i verneområde består av både statsallmenning, bygdeallmenning, sameigar og private eigedommar. Grunneigarar og fjellstyre disponerer grunn og forvaltar ulike bruksrettar. Vernereglane og retningslinjer vil påverke råderetten over areala. Grunneigarar og fjellstyre må derfor involverast i planarbeidet.

Statsallmenningane har ein tredelt forvaltning:

- Statskog SF er grunneigarar.
- Fjellstyra, forvaltar ulike bruksrettar (seter, beite, jakt og fiske) etter i fjelloven.
- Allmenningsstyre, forvaltar skogen etter lov om skogbruk i statsallmenningane.
-

Innanfor verneområde er det fem statsallmenningar. En oversikt er gitt i tabell 2.

Tabell 2. Oversikt over statsallmenningar i verneområde, etter fjellstyrene.no og Innlandsgis.

Kommune	Statsallmenning	Fjellstyre	Verneområde
Lom, Vågå	Finndalen statsallmenning (159/1), forvalta av Finndalen fjellstyre.	Finndalen	Reinheimen nasjonalpark Finndalen landskapsvernområde Bretttingsmoen naturreservat Ottadalen landskapsvernområde
	Vårdalen statsallmenning (158/1), forvalta av Lom fjellstyre.	Lom	Ottadalen landskapsvernområde
Lesja	Lordalen statsallmenning (157/ 1) Forvalta av Lesja fjellstyre		Reinheimen nasjonalpark
Rauma, Fjord	Grytten statsallmenning (), Forvalta av Grytten fjellstyre og Voll statsallmenning, Forvalta av Voll fjellstyre	Grytten	Reinheimen nasjonalpark Romsdalen landskapsvernområde Trollstigen landskapsvernområde
Fjord	Norddal statsallmenning, () Forvalta av Norddal fjellstyre	Norddal	Reinheimen nasjonalpark Trollstigen landskapsvernområde

Innafor nasjonalparken er det mange private eigedommar. I tabell 3. er det gitt en oversikt over gards- og bruksnummer i de ulike verneområda.

Tabell 3. Oversikt over gards- og bruksnummer for dei ulike verneområda. (gnr./bnr. – etter verneforskriftene)

Kommune	Verneområde	Eigedommar <i>(det har vore ei mindre grenseendring i verneområda i 2010, 2011 og 2013), og forskrifta er ikkje endra)</i>
Lom	Reinheimen NP	159/1
	Finndalen LVO	159/1,
	Bretttingsmoen NR	159/1
	Ottadalen LVO	34/3, 35/1, 76/1, 76/2, 77/1, 77/2, 77/4, 78/2, 78/17, 82/1, 82/3, 82/4, 82/6, 82/7, 83/1, 84/1, 84/4, 88/2, 90/1, 91/1, 92/1, 93/1, 94/1, 94/2, 94/3, 94/4, 97/1, 98/1, 99/1, 158/1, 159/1 og 160/1.
Vågå	Reinheimen NP	26/1, 31/1, 55/1 og 201/1
	Finndalen LVO	55/1, 159/1 og 201/1
	Ottadalen LVO	159/1, 188/1 og 190/1
Skjåk	Reinheimen NP	246/1
	Ottadalen LVO	42/1, 46/1, 246/33, 246/34, 246/35
	Einstullie NR	246/1
Lesja	Reinheimen NP	2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/6, 2/9, 2/10, 2/11, 2/13, 3/1, 3/3, 3/4, 3/7, 3/8, 3/9, 3/11, 3/12, 3/13, 3/19, 4/2, 4/5, 4/7, 4/9, 4/14, 5/2, 5/5, 6/1, 7/1, 7/3, 7/7, 8/2, 8/3, 9/2, 9/3, 9/5, 9/6, 10/1, 10/3, 10/4, 11/1, 11/2, 11/3, 11/5, 11/9, 11/12, 12/1, 12/3, 12/4, 12/5, 13/1, 13/2, 14/1, 15/2, 16/1, 16/2, 17/1, 17/3, 17/5, 17/6, 17/7, 17/11, 17/12, 17/13, 17/64, 18/1, 21/1, 22/1, 23/1, 23/2, 24/2, 27/1, 27/4, 28/2, 29/1, 30/1, 32/10, 33/1, 34/1, 35/2, 35/5, 35/6, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/4, 37/5, 37/10, 37/31, 37/32, 37/33, 37/34, 37/50, 37/54, 38/1, 38/3, 39/1, 40/1, 40/5, 41/1, 41/2, 42/1, 42/2, 43/3, 44/1, 45/5, 46/1, 46/3, 48/1, 48/2, 48/3, 49/4, 51/2, 157/1
	Lordalen lvo	157/1
Rauma	Reinheimen NP	3/1, 3/5, 8/1, 8/2, 8/3, 8/4, 9/1, 10/1, 10/3, 13/1, 65/2, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/6, 82/7, 82/8, 82/9, 82/10, 82/11, 82/12, 82/20, 82/21, 82/22, 82/26, 82/39, 82/40, 83/1, 83/2, 83/3, 83/4, 83/5, 83/6, 83/7, 83/8, 83/9, 83/11, 83/12, 83/13, 83/14, 83/15, 83/16, 83/17, 85/1, 85/2, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/24, 85/28, 85/30, 85/33, 88/1, 89/1, 89/2, 90/1, 90/3, 90/6, 90/11, 90/12, 90/15, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/6 og 202/3.
	Romsdalen LVO	12/4, 12/10, 13/1, 18/3, 65/1, 65/2, 66/1, 66/3, 66/5, 67/4, 67/7, 69/2, 69/3, 69/4, 69/6, 69/7, 69/25, 70/1, 70/2, 70/4, 70/6, 70/7, 71/1, 71/2, 71/3, 71/4, 71/5, 71/6, 71/7, 71/9, 71/14, 72/1, 72/5, 72/9, 72/10, 72/11, 72/12, 72/13, 72/14, 72/15, 72/17, 72/19, 72/21, 72/23, 72/25, 72/26, 79/1, 79/2, 79/3, 79/6, 79/9, 79/12, 79/16, 79/17, 79/35, 80/1, 80/2, 81/1,

		81/2, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/6, 82/7, 82/8, 82/9, 82/10, 82/11, 82/12, 82/22, 82/27, 82/28, 82/30, 82/31, 82/32, 82/34, 82/36, 82/37, 82/39, 82/40, 82/41, 82/48, 82/49, 82/50, 82/51, 82/52, 83/1, 83/2, 83/3, 83/4, 83/5, 83/6, 83/7, 83/8, 83/9, 84/1, 84/2, 84/3, 84/4, 85/1, 85/2, 85/3, 85/4, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/21, 85/24, 85/28, 85/30, 85/31, 85/33, 85/44, 88/1, 88/2, 88/3, 88/4, 88/9, 88/13, 88/14, 88/15, 89/1, 89/2, 90/1, 90/2, 90/3, 90/4, 90/5, 90/6, 90/10, 90/11, 90/12, 90/15, 90/16, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/6, 91/10 og 202/3
	Trollstigen LVO	3/1, 3/5, 3/143, 3/147, 3/204, 6/4, 6/5, 8/1, 8/2, 8/3, 8/4, 8/33, 9/1, 9/2, 9/3, 9/50, 10/1, 10/2, 10/3, 94/1, 97/1, 202/1, 202/3, 202/5
	Vermedalen NR	72/1 og 85/10
	Slettsvaet NR	69/3,4,6,7, 72/1, 88/1.
Fjord	Reinheimen NP	12/1,12/2, 12/3, 14/1, 14/2, 14/5, 15/2, 17/1,17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 19/1, 20/1, 23/1, 23/2, 23/3, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 40/1, og 80/1.
	Romsdalen LVO	80/1
	Tafjorden-Reindalen LVO	14/1, 14/2, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 19/1, 23/1, 23/2, 23/3, 24/1, 24/2, 35/1, 35/7, 36/1, 36/2, 36/4, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 37/202, 38/1, 38/2, 39/1, 40/1, 40/7, 41/1, 41/2
	Trollstigen LVO	9/1, 9/2, 9/3, 9/4, 9/6, 9/8, 9/9, 11/1, 11/2, 11/4, 11/5, 11/7, 11/8, 12/1, 12/2, 12/3, 12/4, 13/1, 13/2, 13/3, 13/4, 13/5, 14/1, 14/2, 15/1, 15/2, 15/4, 15/9, 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 20/1, 20/2, 20/4, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/7, 25/10, 80/1 og 81/1
	Muldalslia NR	36/felles (1-3), 37/1-8

Næringsdrivande

Innanfor verneområde er det i hovudsak to typar næringsdrivande:

- Landbruk
- Reiseliv

Landbruk

Landbruket er av dei viktigaste brukarinteressene i verneområda, der utmarka er viktig for slått og beite. Ved sidan av jakt og fangst er landbruket den bruken med lengst historie i verneområda.

Grunneigarar og representantar for næringa må være høyringspartar, og konsulterast i planprosessen.

Former for landbruksverksemd:

- Gardsdrift, med bygningar
- Seterdrift, med bygningar
- Utmarksbeite

- Nydyrking til slått og beite
- Skogbruk
- Sal av jakt og fiske
- Gardsturisme
- Beitebruk, sjå eiga oversikt nedanfor.

Landbruksnæring er vanlegvis knytt til ein grunneigedom. Det blir da vist til oversikten i tabell 3, og avsnitta lenger ned om lag og organisasjonar.

Grunneigarlag

I mange tilfelle er enkelteigedomar for små til å kunne å bli tildelt fellingsrett etter viltlova. Sal av jakt og fiske blir derfor ofte organisert i eigne grunneigarlag. Ein oversikt over aktuelle grunneigarlag er vist i tabell 4.

Tabell 4. Grunneigarlag i verneområda

Kommune	Grunneierlag	Verneområde
Lom	Lia grunneigarlag	Ottadalen Ivo
	Stavbrekka grunneigarlag	
Vågå	Skårvangen grunneigarlag	Ottadalen Ivo, Finndalen Ivo, Reinheimen NP
	Slådalen grunneigarlag	
	Nordherad grunneigarlag	
Lesja	Lesjaskog heimrast/Lesjaskog viltlag	Reinheimen NP
	Lesja heimrast	
	Lesja grunneigarlag	
Skjåk	Skjåk Almenning	Reinheimen NO, Ottadalen LVO
Rauma	Tunga sameie	Romsdalen Ivo, Reinheimen NP
	Kabben og Hånådalen sameie	
	Fremre Brøste sameie	
	Medalen grunneierlag	
	Vermedalen	
	Øverdalen grunneigarlag	
	Istra Vilt og Fiskarlag	
	Andre i Rauma?	
Fjord	Tafjorden	Tafjorden-Reindalen Ivo
	Øvstestølen Seterlag	Trollstigen Ivo
	Muldalslia veglag	Muldalslia NR, Tafjorden-Reindalen Ivo
	Grønningsætra	Trollstigen Ivo

Beitebruk

Innanfor verneområde er bruken av utmarksbeite organisert i 11 ulike beitelag.

Ein oversikt over beite- og sankelag er vist i tabell 5. Beitelaga er høyringspartar, og må konsulterast i planprosessen.

Tabell 5. Oversikt over beitelag innanfor verneområde (kommunal Landbruksforvaltning, NIBIO, Kilden 11.01.21).

Beitelag	Kommune	Verneområde
Skjåk beite- og sankelag	Skjåk, Lom	Reinheimen NP, Ottadalen LVO, Finndalen LVO
Lia beitelag	Lom	Ottadalen LVO
Skårvangen beitelag	Vågå	Reinheimen NP
Nordherad beitelag	Vågå	Ottadalen LVO
Lesjaskog beitelag	Lesja	Reinheimen NP
Vestsida beitelag, Slådalen - Lora	Lesja	Reinheimen NP
Lordalen beitelag	Lesja	Lordalen LVO, Reinheimen NP
Ulvådalen sausankerlag	Rauma	Reinheimen NP
Vestre Rauma beitelag	Rauma	Romsdalen LVO
Verma beitelag	Rauma	Romsdalen LVO
Valldal og Fjørå beitelag	Fjord	Trollstigen LVO, Reinheimen NP, Tafjorden-Reindalen LVO

Reiseliv

Reiselivets organisasjonar og verksemder er høyringspartar, og må involverast i planprosessen.

Reiselivsnæringa tilbyr ulike produkt knytt til nasjonalparken, som f.eks.

- Overnatting
- Servering
- Aktivitetar og guida turar
- Utleige av utstyr m.m.

Gjennom sine tilbod og aktiv marknadsføring, trekker reiselivet besøkande til nasjonalparken. Derfor er det viktig å involvere reiselivet i arbeidet med forvaltningsplan.

Reiselivet er i hovudsak organisert i 4 destinasjonsselskap:

- Nasjonalparkriket Reiseliv AS (Lom, Skjåk, Vågå, Lesja)
- Visit Jotunheimen (Lom, Vågå)
- Visit Nordvest (Rauma, Fjord)
- Romsdal reiseliv og Visit Ålesund og sunnmøre (Rauma, Fjord)
-

I samband med besøksstrategien for Reinheimen ble det i 2018 gjennomført ei kartlegging i alle dei 6 kommunane av reiselivsbedrifter i og rundt verneområda. For utfyllande oversikt over reiselivsbedrifter i randsona til Reinheimen blir det vist til Reiselivskartlegging frå 2018, som er eit vedlegg til besøksstrategi Reinheimen:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Besoksstrategi-for-Reinheimen.pdf

Utmarksnæring

Reinheimen-Breheimen villreinutval

Reinheimen-Breheimen villreinutval er ein samanslutning av grunneigarar og rettighetshavarar for forvaltning av villrein, sal av jaktkort og gjennomføring av villreinjakta.

Fjellstyre og grunneigarlag, grunneigarar

Aktørane har ulike tilbod av storviltjakt, småviltjakt, fiske og utleie av hytter og buer.

Bomvegar i LVO

- Lordalsvegen
- Finndalsvegen
- Brøste-Tunga
- Furuholtsvegen
- Veggen inn Vermedalen
- Slådalsvegen

Hovudvegar, jernbane kring Reinheimen

Bane Nor – Raumabanen, Romsdalen lvo

E 136 –Bjørli – Åndalsnes, Romsdalen lvo

FV 63 – Nasjonal turistveg, Trollstigen-Geiranger, Trollstigen lvo

Lag og organisasjonar

Frivillige lag og ulike organisasjonar kan være brukarar av nasjonalparken, og representerer ulike interesser i området. Fleire av desse er og medlem i rådgjevande utval i Reinheimen:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/radgjevande-utval>

Aktuelle lag og organisasjonar:

- Forum for natur og friluftsliv – Innlandet og Møre og Romsdal
- DNT Sunnmøre, DNT Romdal, DNT Gudbrandsdalen og DNT Oslo og Omegn
- Oppland NJFF
- Møre og Romsdal NJFF
- Innlandet bondelag
- Oppland bonde- og småbrukarlag
- Oppland sau og geit
- Allskog
- Mjøsen skog
- Lokale turlag, gjelder også løypelag

Andre aktørar

Reinheimen-Breheimen Villreinnemnd

Villreinnemndene er oppretta i trå med forskrift om hjortevilt § 21 Om villreinnemndene:

«Villrein i alle villreinområder med areal i to eller flere kommuner skal forvaltes av ei villreinnemnd. Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder i samsvar med naturmangfoldloven og viltloven.

Det skal være ni villreinnemnder

...

Norsk fjellsenter i Lom

Norsk fjellsenter har vore autorisert besøkssenter for Reinheimen nasjonalpark sidan 2007, og har ansvaret for å formidle relevant kunnskap om natur- og kulturverdiar knytt til dei store verneområda

Norsk tindesenter i Åndalsnes

Norsk Tindesenter ble autorisert besøkssenter for Reinheimen i 2023, og utstilling knytt til bratt friluftsliv, kafé og klatrevegg.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for europa- og riksvegnettet. Her ligg også ansvar for avkøyringar og rasteplassar, samt sekretariat for Nasjonale Turistveger.

Forsvaret

Gjeld forsvarrets operative verksemd, samt forhold som gjeld evt. gjennomføring av øvingar.

Pilegrimsleden

Tilrettelagde for vandringar langs den gamle pilegrimsleden mellom Valldal og Trondheim.

Enkeltpersonar

Det er aktuelt å knytte kontakt med enkeltpersonar med særleg kunnskap om og erfaring med bruken av verneområda.

4. Organisering av planarbeidet

4.1 Prosjektleiing

Sekretariatet for Reinheimen nasjonalpark står for leiing av prosjektet. Prosjektleiinga har ansvar for:

- framstilling, oppfølging, framdrift prosjektplan
- økonomistyring
- gjennomføre møter med ulike aktørar
- ha kontakt med kommunane
- rapportere til styringsgruppa (nasjonalparkstyret)
- framstille høyringsdokumenta (forvaltningsplanane)
- sluttbehandling

4.2 Kompetansebehov

I arbeidet med forvaltningsplanen har sekretariatet behov for å opplæring i bruk av portalen FPNV «Forvaltningsplan på nett».

4.3 Involvering

I tråd med forvaltningslova, naturmangfaldlova og god forvaltningsskikk er det viktig å legge opp til brei involvering i planarbeidet, og ein open planprosess.

Sekretariatet vil bruke Rådgivande utval og Administrativt kontaktutval som referansegruppe og arbeidsgruppe.

Vidare vil vi tilrå at det blir oppretta lokale referansegruppe (3 – 5 medlemmer) i kvar kommune. Sekretariatet vil gjennomføre møter med desse, både i innspillfase og i samband med høyringa.

Det vil bli lagt ein plan for opne møter i kommunane, både i innspelfasa og i samband med høyring.

Vidare vil sekretariatet legge opp til eigne partsmøte med:

- Statsforvalteren i Innlandet og Møre og Romsdal
- Innlandet og Møre og Romsdal fylkeskommune

- Reinheimen-Breheimen villreinnemnd
- Reinheimen-Breheimen villreinutval
- DNT Oslo og Omegn / DNT Sunnmøre / DNT Romsdal / DNT Gudbrandsdalen
- Forum for natur og friluftsliv – Innlandet og Møre og Romsdal
- Destinasjonsselskapa
- Andre aktuelle aktørar, t.d. enkelte fjellstyre, Skjåk Almenning, grunneigarlag, beite- og bruksrettslag, velforeiningars, Pilgrimsleden, interesseorganisasjonar, jeger og fiskarlag, næringsdrivande.

Nasjonalparkstyret si heimeside vil bli brukt aktivt for å dele informasjon.

Det kan vera aktuelt å etablere eigen faggruppe som ser på behov for å ivareta seterlandskapa med egne tiltak.

4.4 Prosjektorganisering

Prosjektet vil bli organisert med nasjonalparkstyre for Reinheimen som styringsgruppe. Prosjektleiing vil bli ivaretatt av sekretariatet for Reinheimen nasjonalparkstyre. SNO Reinheimen vil være involvert som fagleg ressurs i arbeidet.

Administrativt kontaktutval og Rådgivande utval vil være involvert som arbeidsgruppe og referansegruppe i planarbeidet. I tillegg til ein fast prosjektstruktur vil det bli gjennomført partsmøte med aktørar etter behov.

Prosjektorganisering er vist i tabell 7.

Tabell 7. Prosjektorganisering.

Funksjon	Samansetning – aktør	Mandat
Styringsgruppe	Nasjonalparkstyret for Reinheimen	<i>Overordna ansvar for revisjon av forvaltningsplan</i>
Prosjektleiing	Forvaltarane i Reinheimen Prosjektleiari: Kristine Sørli	<i>Ansvarleg for gjennomføring og revisjon av forvaltningsplan. Sekretærfunksjon for styringsgrupper og arbeidsgruppe. Styre og leie prosjektet slik at ein kjem i mål innafor gjevne rammer for arbeidet.</i>
Arbeidsgruppe	Forvaltarar og Administrativt kontaktutval	<i>Fagleg ressurs. Bidra aktivt med fagleg innspel i arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og det som blir levert.</i>
Referansegrupper	Rådgivande utval Kommunale ref.grupper 3 – 5 personar oppnemnt av kommunane	<i>Delta i drøftingar og gje innspel slik at det arbeidet som blir gjort er relevant, fagleg forankra og rett prioritert</i>
Ressurspersonar/Organisasjonar	Partsgrupper, jf. pkt. 4.3	<i>Delta i drøftingar og gje innspel slik at det arbeidet som blir gjort er relevant, fagleg forankra og rett prioritert</i>

6. Tidsplan

Tidsplan for prosjektet er vist i tabell 8. Tidsplan blir oppdatert undervegs i planprosessen.

Tabell 8. Tidsplan for planprosessen. Det kan bli justeringar undervegs.

Aktivitet	Tidspunkt	Merknad
Nasjonalparkstyret - Vedtak om oppstart av planarbeidet	08.11.22	Igangsetting, sak 49/2022
Nasjonalparkstyret – utkast prosjektplan til godkjenning i nasjonalparkstyret, og melding om oppstart	15. 02.23	Styrevedtak, sak 9/2023
Opplæring «Forvaltningsplan på nett»	21.02.23	Gjennomgang med miljødirektoratet
Administrativt kontaktutval	20.03.23	Teams møte
Dagseminar – Brukarundersøkingar, villrein, ferdsel, forvaltningsplan – Norsk fjellsenter	05.06.23	Program, presentasjonar, oppsummering Nasjonalparkstyre God deltaking på seminar om Reinheimen og...
Nasjonalparkstyret - arbeidsmøte om erfaring med forvaltningsplan	26.06.23	oppsummering i notat
Oppstartmelding – brev og utkast til prosjektplan til alle involverte partar i verneområdet	12.04.23	Frist for innspel, 01.09.23
Nasjonalparkstyret – oppsummering innspel til oppstartsmelding, godkjenning av justert prosjektplan	27.10.23	Styresak, sak 44/2023
Planarbeid – «forvaltningsplan på nett»	fortløpande	Dialog med administrativt kontaktutval undervegs, fagleg innspel frå miljødir., statsforvaltar, fylkeskommune undervegs
Tilbod til kommunane om informasjonsmøte	Vinter / vår 2024	Møte i nye kommunestyre/ Formannskap i kommunane med areal i Reinheimen
Informasjon /dialog med ulike brukarinteresser	Vinter/vår 2025	Fysiske partsmøte
Ope møte og evt. synfaringar for aktuelle tema /område	Sommar/haust 2025	
Nasjonalparkstyret – planutkast før oversending til fagleg gjennomgang	Haust 2025	
Fagleg gjennomgang i miljødirektoratet	Haust 2025	
Evt. justering av planutkast	Haust 2025/vinter 2026	
Høring av planutkast godkjent av miljødirektoratet	Vinter 2026	
Oppsummering av høyringsuttaler og planbehandling i Nasjonalparkstyret	Vår/sommar 2026	
Eventuell andre høyringsrunde / avgrensa høyring på endringar	Haust 2026?	Krev ekstra tid

Godkjenning av forvaltningsplan	Utgangen av 2026?	usikker
---------------------------------	-------------------	---------

7. Økonomi

I tillegg er det tildelt kr. 150 000,- i 2023, til brukarundersøkinga i Reinheimen, der NINA gjennomførte etterundersøking, analyse inkl. samanlikning med andre relevante verneområde, og samanstilte resultata frå undersøkinga i 2022 i ein rapport i løpet av våren 2023.

Det ble gjennomført ei «Scenarioanalyse villrein» i 2024 finansiert over handlingsprogram for Regionale planer for Villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområdet.

Det er behov for en heilskapleg kartlegging av bygningar og bygningsmiljø i reinheimen området med mål om å få utarbeidd ein byggeskikkveileder i samarbeid med regionale myndigheiter i Innlandet og Møre og Romsdal.

Forvaltningsplanarbeidet vil elles skje innafør styre og sekretariatet sine økonomiske rammer for 2025.